

# Biletbasen på internett –

[www.fusa.folkebibl.no/cgi-bin/websock-bilde](http://www.fusa.folkebibl.no/cgi-bin/websock-bilde)

## Lokalhistorisk fotoarkiv i Fusa

Biletsamlinga til Lokalhistorisk Arkiv i Fusa ved Fusa folkebibliotek består av vel 4350 bilete med varierte motiv, frå ulike tidsperiodar: 1860-åra-2007. Det er hovudsakleg private foto, innlånte og avfotograferte/scanna i samband med bygdebokarbeidet 1998-2008. Samlinga omfattar òg ca. 620 flyfoto i Fusa kommune si eige frå Fjellanger/Widerøe, og bygdebokforfattar Ella Marie Brekke Vangsnes sine nyfotograferte bilete til bygdebøkene.

## Søking og bruk

Du kan søkja på **motivtittel, person, stad, fotograf** og **årstal**.

Leitar du etter ein spesiell person, kan du bruka feltet ”Person avbildet” – skriv først etternamn, førenamn. Du skal då få fram alle bileta der vedkomande er med.

Dersom du skriv Widerøe i feltet for fotograf, får du opp 622 motiv, alle flyfotoa frå Widerøe i samlinga. Bruk etternamn på fotograf.

Du kan søkja på bygdenamn i feltet for ”sted avbildet”, og får då opp *alle* motiv frå vedkomande bygd. Du kan òg nytta feltet for ”motiv” og kan søkja på gardsnamn, namn på grend, bygd eller område.

Ønskjer du å sjå bileta frå eit visst tidsrom eller årstal, kan du søkja i felta for ”År” – fra – til.

NB! Når du får opp fleire bilete etter søket ditt, må du trykkja på teksten under biletet for å få med all informasjon. Trykkjer du på sjølve biletet, får du berre fram det.

Når du står i skjermbiletet til eit bestemt foto m/info, kan du kryssøkja på **emneord** – t.d. gard, byggeskikk, måltid, skule, kyrkje – og det som elles kjem opp med utheva skrift (motiv, år, fotograf).

Skuleelevar kan fritt bruka kopiar og utskrifter frå databasen i oppgåver og til annan skulebruk. Elles er det høve til å bestilla papirkopiar av bileta i databasen. Denne tenesta er eit samarbeid med Kolaas Foto AS på Os. Trykk på ”Bestill kopi” i ramma over biletet, og du kjem til bestillingsskjemaet.

### **Litt lokal fotohistorie**

Dei eldste fotografia me kjenner til frå Fusa prestegjeld, er to fotografi frå Sævareid, som er tekne kring 1860. Fotografen var Marcus Selmer frå Bergen. Dei vart truleg fotograferte under ei synfaring som Henrik J. Fasmer heldt i samband med planlegginga av kartongfabrikken ved Sævareidfossen. Marcus Selmer (1819-1900) og Thorvald Selmer opererte tidvis som omreisande fotografar. Me har 18 av deira bilete i samlinga: i hovudsak landskapsbilete og folkelivsskildringar frå Sævareid/Engjavik.

### **Fotograf Samnøen**

Mellom bileta i samlinga er m.a. 140 foto etter Fusa sin eigen yrkesfotograf Ole O. Samnøen (1870-1948). Han var fødd i Samnøy, men busette seg på Neset i Eikelandsosen, der han frå 1901 var rikstelefonstyrar. Ole Samnøen hadde atelier både i bustadhuset sitt og i ei lita hytte ved sida av. Han var ein dyktig fotograf. Diverre er glasplatesamlinga (negativane) hans gått tapt, men det ligg mange samnøenfoto rundt om i fusaheimane. Nokre av desse er med i samlinga vår. Takk vere arbeidet til Ole O. Samnøen har me mykje verdifull kulturhistorisk dokumentasjon av folk og stader i Fusa dei første tiåra av 1900-talet.

### **Til Os og Bergen**

Elles nytta fusingane mykje fotograf Gerhard Berg (f. 1870) på Os. Han etablerte fotoverksemd på Osøyro i 1895 og hadde òg atelier i Samnanger. Me har 108 Berg-bilete i samlinga vår. Marius Mortensen var assistent hjå Berg og overtok fotoverksemda i 1915. Det var heller ikkje uvanleg at fusingane gjekk til fotograf i Bergen, gjerne i samband med anna ærend i byen. Ikkje så reint få bilete av unge fusamenn er tekne på Voss i samband med militærtjeneste der.

### **Landliggjjarliv**

Amatørfotografane er òg representerte i rikt mon i samlinga vår. Dei første amatørane som fotograferte i Fusa, var såkalla landliggjjarar, byfolk som ferierte på landet om sommaren. For dei var arbeids- og folkelivet i Fusa eksotisk og verd å fotografera. Takk vere desse har me ein heil del arbeidsbilete frå første halvdel av 1900-talet.

Mellom landliggjjarfotografane merkjer to bergensarar seg ut: Ralph Wilson (1872-1951). Og Henning Wernøe (1909-1945). Wilson med familie ferierte på Skåte på Vinnes frå 1920-talet, og der finst rundt 200 bilete frå Fusa etter han frå åra 1924-1929, 1943 og 1948. Dei er tekne

vare på av Hordaland Fylkesarkiv, men nokre av dei er òg å finna i samlinga vår. Wernøe var sommargjest på Skåte på Vinnes under andre verdskrigen. Me har ca. 30 av hans bilete i samlinga vår.

### **Bygdefotografar og lærarar**

Nokre amatørfotografar fungerte meir eller mindre som bygdefotografar rundt om i Fusa. Dei tok gjerne på seg å fotografera bryllaups- og konfirmantgrupper eller fotograferte ved høgtider og spesielle hendingar i bygda. Døme på dette er Einar Sundvor i Lygrepollen og Einar H. Holdhus (f. 1884) og Lars Holdhus (1917-2000) i Hålandsdalen.

Frå 1960-talet vart ljusbilete i fargar populære, og i Fusa som i andre kommunar, var lærarane mellom dei ivrigaste amatørfotografane. Me har fått låna ljusbilete frå Herleiv Rolfsnes på Holdhus skule, Leiv Fosså på Austestad og Eikelandsosen skule og Sæbjørn Tveit på Fusa skule.

### **Kåre Dalland**

Fusajournalist Kåre Dalland (1935-1998) har sytt for mykje viktig fusadokumentasjon frå dei siste 25 åra av 1900-talet. Han byrja å skriva for den nyskipa lokalavisa ”Midhordland” i 1972 og var fast tilsett der 1985-87. Han var fotograferande journalist i Os og Fusaposten frå starten i 1987 til han døydde i 1998. Me er takksame for at me har fått lov til å innlemma vel 90 av bileta hans i samlinga vår.

### **Flyfoto**

Under første verdskrigen vart flyfotografering teke i bruk for militære føremål. Seinare har flyfotograferinga helst vorte brukt til framstilling av kart og prospektkort. Her til lands spesialiserte selskapet Fjellanger Widerøe seg på sivil luftfotografering. I 1983 kjøpte Fusa kommune 600 arkivbilete og negativar frå Fjellanger Widerøe AS. Dei eldste er svart/kvitt negativar av glas (glasplater) frå før andre verdskrigen. Ein del er svart/kvitt-foto frå 1950-talet, men dei fleste flyfotoa er fargefoto frå 1960-åra. Det er bilete både av bygder, grender og einskildgardar/eigedomar.

Me har òg ei lita samling nye flyfoto (15) frå 2003, tekne på bestilling av fotograf Vidar Langeland i samband med bygdebokarbeidet.